

# ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINJER FOR 2020 – 2024

Vedtatt av Time kommunestyre i sak 022/20 den 05.05.2020

## I. Generelt

Time kommune skal stå for ein alkoholpolitikk som tek både helse-, sosial-, kultur- og næringspolitiske omsyn, i tråd med formålet i alkohollova.

Reguleringa av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter alkohollova har som mål å redusera så mykje som mogleg dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan føra til. Som eit ledd i dette siktar lova på å redusera forbruket av alkohol.

Dei alkoholpolitiske retningslinene for sals- og skjenkepolitikken skal medverka til mest mogleg føreseieleg og lik behandling av søknader og reaksjonar etter kontroll med sals- og skjenkestadene.

## II. Sals- og skjenkebevilling i kommunen

### II. a Felles

#### 1. *Bevillingspolitikken*

Time kommune skal føra ein bevisst bevillingspolitikk for sal og skjenking av alkohol i kommunen.

#### 2. *Bevillingsperioden*

Eksisterande salsbevillingar skal gjelda vidare utan ny søknad fram til 30. september 2024, jf. alkohollova § 1-6 tredje ledd.

Før salsbevillingane vert forlenga vil kommunen innhenta uttale frå politiet. Dersom politiet har merknadar som kan tyda på at ein salsstad ikkje lenger oppfyller krava til vandel i alkohollova § 1-7 b og § 1-7 a første ledd, vil denne bevillinga ikkje verta forlenga. Den aktuelle staden må søka på nytt innan fristen som vert sett av kommunen.

Formannskapet kan gje bevilling for sal og skjenking til stadar som ikkje er omfatta av første ledd for ein periode på 4 år, frå og med 01.10.2020 til og med 30.09.2024. For skjenkestadar som etter punkt II b nr. 7 får fast utvida skjenketid fram til kl. 02.30, gjeld bevillinga for to år om gongen, første gong fram til 30.09.2022.

#### 3. *Kontroll*

Kontroll med bruken av bevillingane vert utført av Rogaland brann og redning IKS og Utval for levekår.

4. *Kunnskapsprøva*  
Ei *alminneleg* sals- eller skjenkebevilling kan ikkje takast i bruk før styrar og stadfortredar for styrar har bestått kunnskapsprøva om alkohollova, og er endeleg godkjent jf. alkohollova § 1-7 c tredje ledd.
5. *Omsetning og rekneskapstal*  
Dei som får sals- eller skjenkebevilling pliktar å gje kommunen årleg oversikt over omsetning/reviderte rekneskapstal.
6. *Bevillingsgebyr*  
Bevillingsgebyret for bevilling til skjenking ved ei enkel anledning og ambulerande bevilling vert sett i samsvar med reglane i alkoholforskrifta § 6-2.

Per 01.01.2020 er gebyret for ambulerande bevilling (slutta selskap) kr. 380,-. Beløpet vert endra i samsvar med endringane av satsen i forskrifta § 6-2 andre ledd siste punktum.

Gebyr for ei enkel anledning (opne arrangement) vert sett etter reglane i forskrifta § 6-2, minimum kr. 5300,- per 01.01.2020.

Gebyret for ei enkel anledning vert likevel sett lågare med heimel i forskrifta § 6-2 andre ledd andre punktum for følgjande mindre arrangement:

Inntil 150 gjester:	kr. 380
150-500 gjester:	380x3 kr. 1140

Beløpa skal justerast i samsvar med endringane i § 6-2 andre ledd siste punktum av satsen for ambulerande bevilling.

Ved søknad om utviding av eksisterande skjenkeareal eller utviding av skjenketid for ei enkel anledning vert gebyret sett til kr. 380,- per 01.01.2020.

7. *Internkontroll*  
Innehavarar av sals- og skjenkebevilling må sørge for at krava til internkontroll i alkoholforskrifta kap. 8 vert følgde.

## **II. b Skjenkebevilling**

1. *Definisjonar*  
Alminneleg skjenkebevilling 1: Alkohol med volumprosent alkohol til og med 60  
Alminneleg skjenkebevilling 2: Alkohol med volumprosent alkohol under 22
2. *Ei bevilling for kvar skjenkestad*  
Det kan etter søknad gjevast alminneleg skjenkebevilling for øl, vin og brennevin til spisestadar og skjenkestadar i Time.  
  
Alminneleg skjenkebevilling må søkast for kvar skjenkestad, også om dei er lagde til same bygg og vert drive av same driftsselskap.
3. *Kjøpesenter*  
Det kan ut frå ei konkret vurdering gjevast alminneleg skjenkebevilling til spisestadar som ligg i kjøpesenter dersom dei er fysisk (byggningsmesse) skilde frå fellesareala og opne rom i kjøpesentera.

#### 4. *Kurs i ansvarleg vertsskap*

Dagleg leiar og alle som skjenker alkohol må ha gjennomgått og bestått kurset for ansvarleg vertsskap innan 01.06.2021. Nye tilsette skal fullføra kurset innan 6 månadar.

På skjenkestaden skal det til ei kvar tid vera til stades ein ansvarleg person som har bestått kunnskapsprøva eller kurs i ansvarleg vertsskap. Kravet gjeld frå 01.06.2021.

#### 5. *Ambulerande skjenkebevilling (slutta selskap)*

Time kommune har 10 ambulerande skjenkebevillingar som vert disponerte av rådmannen, og som kan nyttast for ei enkel anledning til deltakarar i slutta selskap, jf. alkoholova § 4-5.

Med «slutta selskap» meiner ein at det allereie, og før skjenkinga startar, er danna ein slutta krets av personar, som er samla for eit bestemt formål i eit bestemt lokale, for eksempel bryllaup, konfirmasjon, jubileum og liknande.

#### 6. *Skjenkebevilling for ei bestemt anledning (opne arrangement)*

Det kan ut frå ei konkret vurdering gjevast alminneleg skjenkebevilling 2 (øl og vin) for ei bestemt anledning under føresetnad av at arrangementet tek omsyn til barn og unge. Alminneleg skjenkebevilling 1 vert ikkje gjeve til denne type arrangement.

Med «ei bestemt anledning» meiner ein tilstellingar og anna som går fram som eit klart avgrensa arrangement. Moment i ei slik vurdering vil vera tema, tidsramme og liknande.

Det kan gjevast rett til utvida skjenketid til kl. 02.30 for ei bestemt anledning.

I forbindelse med festivalar er det berre skjenkestadar med alminneleg skjenkebevilling som kan få skjenkebevilling for ei bestemt anledning, for eksempel for å skjenka på andre område enn skjenkelokalet. Etter ei konkret vurdering kan det og gjevast bevilling til arrangørar utan alminneleg skjenkebevilling for små og klart avgrensa arrangement, sjølv om arrangementet er knytt til ein festival.

Ved søknad om bevilling til større arrangement må arrangøren leggja ved søknad og eventuelt godkjenning frå politiet etter politilova.

Frivillige lag og organisasjonar kan få skjenkebevilling for ei bestemt anledning til lokale arrangement.

Det skal utpeikast ansvarleg styrar for skjenkebevillinga. Ved mindre arrangement kan kommunen bestemma at det er tilstrekkeleg med opplysningar om ein kontaktperson. Ved større arrangement skal skjenkestyrar ha godkjent kunnskapsprøve, sjølv om det ikkje er ein skjenkestad med ordinær bevilling som står for skjenkinga.

#### 7. *Skjenketider*

Den som får alminneleg skjenkebevilling 1 kan skjenka innan følgjande tider:

Drikk med volumprosent alkohol over 22: Måndag til søndag kl. 13.00–01.30

Drikk med volumprosent alkohol under 22: Måndag til søndag kl. 08.00–01.30

Den som får alminneleg skjenkebevilling 2 kan skjenka innan følgande tider:

Drikk med volumprosent alkohol under 22: Måndag til søndag: kl. 08.00–01.30

Det vil vera mogleg å søka om fast utvida skjenkebevilling 1 til kl. 02.30 for ei avgrensa mengd skjenkestadar.

Det totale delen skjenkestadar med fast utvida skjenkebevilling kan ikkje overstiga tre skjenkestadar.

Dei aktørane som får fast utvida skjenking får følgande reglar:

- Berre skjenkebevilling 2 (alkoholklasse 1-2.) frå kl. 00.00-02.30.
- Utvida krav til vakthald for stadar med fast utvida skjenkebevilling til minst to godkjente vakter. Fleire vakter kan krevjast utifrå kapasitet og utforming av skjenkestad.
- Alt serveringspersonell skal fortsatt ha utført kurs i ansvarleg vertskap.

Utvida skjenkebevilling skal evaluerast og tildelast på ny kvart anna år. Prikkhistorikken skal avgjera om det er fleire søkarar på tilgjengelege bevillingar.

Skjenkestaden må stenga seinast 30 minutt etter at skjenketida er gått ut. Normaltidene for skjenking i Time kommune gjeld også for bevilling gjeve etter alkoholova § 1-6 andre ledd siste punktum (ei enkel anledning) og § 4-5 (ambulerande bevilling).

#### 8. *Stadar som ikkje kan få skjenkebevilling*

I vurderinga av om det skal gjevast alminneleg skjenkebevilling for alkohol, skal det takast særleg omsyn til om skjenking kan vera uheldig for barn og unge. Som hovudregel vert det ikkje gjeve alminneleg skjenkebevilling til:

- oppvekst/bustadområde utanfor sentrumsområda
- gatekjøkken/storkiosk
- idrettshallar/helsestudio og andre idrettsanlegg
- aktivitets-/fritidssenter
- delar av eit lokale som har aktivitetar særleg retta mot barn og unge
- kino

Det vert heller ikkje gjeve skjenkebevilling av nokon art til stadar som har stripping eller liknande som ein del av underhaldningstilbodet/driftskonseptet, til stadar som ikkje følger lovfesta minstelønn for serveringsbransjen, eller til klubbar som politiet meiner driv med kriminell verksemd.

#### 9. *Endringar i konsept*

Eventuelle endringar i skjenkestaden sitt konsept skal meldast til, og godkjennast av, Time kommune før endringa.

#### 10. *Aldersgrenser*

For skjenkestadar utan matsservering skal aldersgrensa vera 18 år etter kl. 23.00.

#### 11. *Uteservering*

Det må sendast inn eigen søknad om uteservering. Utforming av uteområda må vera i tråd med kommunen sine retningslinjer for utforming. Områda må og godkjennast av avdeling for Samfunns- og landbruksforvaltning.

#### 12. *Krav til vakthald*

Skjenkestadar med lite eller ingen matsservering skal ha politigodkjent vakt etter kl. 22.00 og fram til stengetid i helgene. Etter ein konkret vurdering kan også skjenkestadar med matsservering påleggast dørvakt i same tidsrom.

Skjenkestadar med utvida skjenking til kl. 02.30 må ha minst to godkjente vakter frå kl. 00.00 til stengetid i helgene.

### **II. c Salsbevilling**

#### 1. *Bevillingsinnehavar*

Salsbevilling for øl og annan alkoholhaldig drikk som inneheld over 2,5 til og med 4,75 volumprosent alkohol kan gjevast til daglegvareforretningar, bryggeri og spesialutsal i Time etter søknad.

#### 2. *Salstider*

Sal og utlevering av øl med meir som nemnd i pkt. 1 kan skje innanfor følgjande tider:

Måndag–fredag: kl. 08.00–20.00

Dag før søn- og helgedag, unntatt Kristi himmelfartsdag: kl. 08.00–18.00

Det er tidspunktet for betaling i kassen som er avgjerande.

Sal av øl og annan alkoholhaldig drikk skal ikkje finna stad på søn- og helgedagar, 1. og 17. mai.

Om kva som reknast som helgedagar, sjå helligdagfredlova § 2.

#### 3. *Sal på internett*

Det vert ikkje gjeve salsbevilling for sal av øl på internett. Det vert ikkje gjeve salsbevilling for sal av øl levert heim til kjøpar.

#### 4. *Vinmonopolet*

Salsbevilling for brennevin, vin og øl med alkoholinnhald over 4,75 volumprosent kan gjevast til AS Vinmonopolet. Departementet har fastsett at Time kommune har anledning til å gje AS Vinmonopolet bevilling til ein utsalsstad i kommunen.

Departementet fastset opningstidene for AS Vinmonopolet sine utsalsstadar.

### **III. Reaksjonsformer ved brot på alkohollova - Prikktildeling**

Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk (alkoholforskrifta) av 8. juni 2005 nr 538 § 10-1 til 10-6 regulerer uttømmande reaksjonar ved brot på alkohollova med forskrifter.

Reglane trådde i kraft 01.01.2016.